

Fjærland bygdalag
v/ Eivind Ødegård
Mundalsvegen 52
6848 FJÆRLAND

6. januar 2026

Sogndal kommune
Pb. 153
6851 SOGNDAL
postmottak@sogndal.kommune.no

HØYRINGSINNSPEL TIL SAK OM AVHENDING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVATE

Fjærland bygdalag er talerøyr for fjærlendingar og bindeledd mellom kommunen og innbyggjarane i Fjærland. Organet er valt av innbyggjarane i Fjærland.

Me viser til høyring om kriterium for kommunal veg og avhending av kommunale vegar til private.

I bygdene er veg ofte avgjerande for busetjing, tryggleik og kommunale tenester. Me bed difor om at kriteriesettet fangar opp veg med særleg samfunnsfunksjon, også der talet på heilårsbustader er lågare enn tre, når vegen er einaste tilkomst eller er viktig for beredskap/uttrykkingsveg, landbruk eller lokal næringsdrift. Fjærland er ei av bygdene i kommunen der vegen kan vera avgjerande viktig for næring, særleg landbruket. Dette i sin tur gjev store skatteinntekter til kommunen. Avhending av slike vegar kan gje dårlegare rammevilkår for næring.

Me bed òg om at kommunen presiserer og greier ut omgrepa «formalitetar» og «bruksklasse/snuplass», og at det ved eventuell avhending vert stilt krav om lovlegheit og forsvarleg tilstand før overføring.

Til slutt bed me om ei tydeleg avklaring av konsekvensane opp mot nye arealplanføresegner knytte til avstand frå kommunal veg, og kven som skal bera kostnadene dersom avhending fører til jordskifterettslege prosessar. Det er ofte omfattande avtalerettslege forhold, bruks- og disposisjonsrettar tilknytt noverande kommunale vegar og tilgrensande eigedomar i Fjærland og andre bygder. Forsøk på å avhenda desse til private kan utløysa kostbare, tidkrevjande og konfliktfylte juridiske prosessar utan klår utgang, og vil kunna kosta kommunen mykje meir enn ei eventuell innsparing i vegvedlikehald.

Eit døme på dette er Stølaholmen i Fjærland. For nemnde veg er det heller ikkje nemnande vedlikehaldsutgifter, og vegen vil òg kunna verta tilkomstveg for næring.

Venleg helsing

Eivind Ødegård
Leiar
Fjærland bygdalag